

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre**

Møtested: e-postbehandling

Dato: 10.09.2015

Tidspunkt: e-post

Innkalling til e-postbehandling av sak til arbeidsutvalet.

Ber om tilbakemelding ved e-post snarast mogleg.

Med helsing

Kari Sveen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 5/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - søknad om lågtflyging i samband med filmopptak - FilmBros AS		2015/5469

Arkivsaksnr: 2015/5469-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 10.09.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	5/2015	10.09.2015

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 -
søknad om lågtflyging i samband med filmopptak - FilmBros AS****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får FilmBros AS v/ Henrik Martin Dahlsbakken dispensasjon fra lågtflygingsforbodet i verneforskrift for Jotunheimen (§ 3 pkt. 6.1) for bruk av helikopter over Skagastølstindane for filmopptak til filmen CAVE, i tråd med søknad. Avvik frå lågtflygingsgrensa over dei høgste fjelltoppane i området vil i liten grad verke inn på andre brukarinteresser. Under føresetnad av at scenene i filmen frå dette området ikkje viser motoriserte framkomstmiddel, men fokuserer på landskapet, kan innspelinga profilere nasjonalparken og regionen på ein positiv måte. Aktiviteten medfører ikkje landing, og det er ikkje planlagt lågtflyging ned i dalane, der det kan vera dyr som blir uroa. Tiltaket har dermed liten eller ingen innverknad på verneverdiane.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Dispensasjon for bruk av helikopter under 300 meter gjeld for perioden 17.-18. september over Skagastølstindane. Avstand til tindane skal vera minst 50 meter.
- Under flyging skal det visast omsyn slik at helikopteret ikkje kjem for tett på eventuelle klatrarar/fjellvandrarar på tindane, jf. motorferdselslova § 8.
- Helikopteret skal ikkje gå ned i dalane, men halde den fastsette avstanden på minst 300 meter over dalbotnane
- Filmopptak som blir vist i produksjonen CAVE skal ikkje vise motorisert aktivitet innan nasjonalparken, men formidle naturen i området.
- Statens naturoppsyn vil kunne inspirere aktiviteten etter behov. Statens Naturoppsyn v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) er orientert om vilkåra for løyvet ved kopi av vedtaket.

Saksopplysningar

Saksdokument

- Søknad frå FilmBros AS v/ Henrik Martin Dahlsbakken ved e-post av 01.09.15, med tilleggsopplysningar i e-post 02.09.15
- Prosjektpresentasjon (vedlegg)
- Verneforskrift av 14.11.14
- Forvalningsplan (utkast, tilråding 2008)

Selskapet FilmBros AS skal gjennomføre filmopptak frå helikopter på Sognefjellet og ved Tindevegen torsdag 17.09. og fredag 18.09. i samband med opptak til filmen *CAVE*. Om filmen skriv dei følgjande:

«Ekstremsportthrilleren CAVE omhandler tre tidligere elitesoldater som har satt seg som mål å finne veien gjennom et uutforsket grottesystem i Jotunheimen, uvitende om marerittet som venter dem nede i det trange, mørke dypet. Opptakene skal gjennomføres på flere av de mest spektakulære innspillingsstedene som noen gang har vært benyttet i en norsk film. Resultatet vil utvilsomt bli et vilt og vakker utstillingsvindu for hva slags natur og opplevelser regionen har å by på. Les gjerne mer i vedlagt prosjektpresentasjon.» (vedlagt saka)

Da det ikkje er større grotter i Jotunheimen, reknar ein med at dei opptaka blir gjort annan stad.

Det er innhenta nødvendige løyve til landing og filming langs Fv55 i Luster og Lom kommune, og frå Statens Vegvesen. AirLift Førde står for flyginga frå Skjolden. I tillegg ønskjer selskapet å kunne filme over fjellområda i nasjonalparkane Jotunheimen og Breheimen, og Henrik Martin Dahlsbakken skriv følgjande i søknaden av 1. september:

«Det kan samtidig bli behov for å gå lavere enn 300-metersgrensa tillater inne i nasjonalparkene på begge sider av FV55 (henholdsvis Jotunheimen og Breheimen). Vi tar derfor kontakt med dere for å få tillatelse til å gå lavere enn 300 meter (ned til 50 meter) dersom det er behov for dette i forbindelse med filmingen (for å få de bildene produksjonen trenger). Dette er kun aktuelt i utkanten av nasjonalparkene i nærheten av FV55 og Tindevegen. Helikopteret vil dog ikke lande innenfor nasjonalparksgrensa, men på parkeringsplass langs med FV55 i nærheten av fylkesgrensa.»

Nasjonalparkforvaltar Eldrid Nedrelo i Breheimen har ved e-post 02.09. bedt om nærmere avgrensing av område for filmopptak, og har fått følgjande tilleggsopplysningar:

«Etter nærmere undersøkelser av kart og nasjonalparkgrense, er det kun rundt Skagastølstindene hvor det blir aktuelt å måtte fly lavere enn 300 meter over fjelltoppene, i forbindelse med naturfoto av fjellene. Dette er ikke mulig å få filmet utenfor nasjonalparken. Helikopteret vil derimot holde seg over 300 meter ift bakkenivå. Ved Krossbu og Bøvertun ser vi nasjonalparksgrensa til Breheimen går veldig nær FV55, men dette bør gå fint å unngå for helikopteret ved å fly på motsatt side (mot Jotunheimen). Håper dette var oppklarende. Vi har ikke besluttet hvilke grotter det skal filmes i, da dette vil gjennomføres på et seinere tidspunkt.»

Vurdering

Verneforskrifta for Jotunheimen NP set i utgangspunktet forbod mot motorferdsel, jf. § 3 pkt. 6.1 – *Forbod mot motorferdsel*: «Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Forvalningsstyresmakta kan i medhald av § 4 – *Generelle dispensasjonsreglar* – vurdere dispensasjon i særskilde tilfelle:

«Forvalningsstyresmakta kan gjøre unntak frå forskriften dersom det ikkje stirr mot formålet med verneverdakset og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.»

§ 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er gjeve i verneforskrifta § 1:
«*Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som innehold særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske føremkomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Utkast til forvaltningsplan (2008) har følgjande føringar for motorferdsel knytt til start/landing:
h) løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel til å dekkje nyhende som blir vurdert som viktige.

Det var ikkje lågtflygingsforbod i verneforskrifta før revisjonen i november 2014, så ein har ikkje vedtekne føringar eller etablert praksis for lågtflyging.

Forvaltningsplanen føreset i utgangspunktet at denne typen innspelinger skal skje utanom verneområde. Det er i dette tilfellet i hovudsak eit opplegg utanom nasjonalparken, men filminga av fjellmassivet medfører at helikopteret kjem under lågtflygingsgrensa på 300 meter målt i høve til dei høge toppane i området. Søkjar viser til at dei ikkje har planar om å gå lågare ned enn 50 meter over bakken. Filminga vil skje på ei tid av året da aktiviteten med fjellklatring er noko på hell, slik at det er færre som kan bli utsett for støy nå i siste halvdel av september enn i høgsesongen for friluftsliv i området. Spørsmålet ein må ta stilling til her er om ein skal kjøre hardt på prinsippet om å halde all motorferdsel knytt til kommersiell filming utanom parken så langt det er praktisk mogleg, eller om det ut ifrå ei politisk skjønnnsutøving her kan opnast for eit unntak frå den generelle lågtflygingsgrensa over eit kort tidsrom på 2 dagar. Denne typen aktivitet kan ha visse positive ringverknader for lokalt næringsliv, i alle fall når det skjer i skuldersesongen for reiselivet.

Det må vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett, og om det er i konflikt med føringar i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av Hurrungane-området er tilfredsstillande. To dagar lågtflyging med helikopter inntil 50 meter over Skagastølstindane vil ikkje ha særleg negativ innverknad på dyre- og fuglelivet. Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men den planlagde filminga i september vil neppe gje utilsikta verknader på naturmangfaldet.

Etter naturmangfaldlovas § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring. Ein må vurdere om eit løyve kan skape

presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Ein hadde før revisjon av verneforskrifta i 2014 ikkje særskilde reglar for lågtflyging over verneområdet, men det er eit godt verkemiddel for å kunne styre lufttrafikk utanom sårbarer område for dyreliv, som t.d. hekkelokalitetar for rovfugl som er særleg sårbarer på vårvinteren og utover sommaren. Det kan vera ein viss fare for presedens, da Jotunheimen er eit attraktivt område for filming av alpint landskap med tindar og brear. Samstundes kan det verke for strengt å nekte absolutt all flyging under 300 meter målt frå dei høgste fjelltoppane. I vidare arbeid med revisjon av forvaltningsplanen må ein koma fram til overordna føringar for dispensasjonspraksis i høve til lågtflygingsforbodet, og ein kan t.d. ha differensierte forvaltningssoner både når det gjeld geografisk område og tid på året. Forvalningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel i nasjonalparken, og kvart tilfelle krev individuell vurdering. I dette tilfellet er flyginga planlagt med minimum 300 meters avstand til dalbotnane, men rom for å gå ned mot 50 meters flyhøgde over toppane. Dette vil gje gode vilkår for filming, og vil skje over eit kort tidsrom med to dagar på året da ein ikkje har hekkande fugl i området.

§ 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er lite relevant her.

§ 12 - *Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode*: Planlagt filmproduksjon kan ikkje utførast utan motoriserte hjelpemiddel. Flyging skal ikkje skje nede i dalane der det kan vera vilt / beitedyr.

Aktiviteten vil ikkje setja varige spor, men vil gje noko støy i eit avgrensa tidsrom. Tiltaket er også lagt til yrkedag med mindre friluftsaktivitet enn i helgene. Støy vil oftest opplevast som negativt av dei som utøver friluftsliv, men dersom flyginga foregår med nødvendige omsyn som vist til i motorferdselslova § 8 vil påverknaden vera moderat. (mfl § 8: «*Motorferdsel i utmark og vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og mennesker.*») Tiltaket vert ikkje vurdert å vera i strid med formål for vernet. Det vil ha svært liten innverknad på verneverdiane slik flyginga er planlagt i dette konkrete tilfellet.

Under føresetnad av at scenen som blir spela inn ikkje viser motoriserte framkomstmiddel, kan innspelinga også bidra til å profilere nasjonalparken og reiselivsdestinasjonen på ein positiv måte. Scener for viser helikopterflyging i nasjonalparken kan svekke profilen om rein og urort natur, men ut frå opplysninga i søknaden er formålet å filme fjellandskapet.

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein tilrå dispensasjon frå lågtflygingsforbodet i eit avgrensa tidsrom. Landing er ikkje aktuelt.



Side 8



Logline

Ekstrem sport thrilleren CAVE omhandler tre norske ex-soldater; Charlotte, Adrian og Viktor, som har satt seg som mål å være de første menneskene som kommer seg levende gjennom et utforsket grottesystem i et øde fjellmassiv. Fulle av eventyrlyst tar de fatt på den krevende nedstigningen, uvitende om marerittet som venter dem nede i det trange, mørke dypet...

Reginotat ved filmskaper Henrik Martin Dahlsbakken

Jeg har lenge hatt lyst til å rendyrke sjangerfilmen i større omfang, og har lett etter en idé som klarer å kombinere bred kommersiell publikumsappell med et intrikat og engasjerende plot. Thrillerfilmen er en klassisk sjanger som spiller på velfungerende virkemidler, hvor spenningen oppstår automatisk i møtet med forventningene fra publikum. Potensialet i dette spennet, og de mange mulighetene for uforutsette vendinger i historien som utfordrer publikums forventninger, er et interessant aspekt som i høy grad interesserer meg.

Thrilleren er en sjanger som stadig vekk håndteres uinspirert og skjematiske, hvor de forutsigbare virkemidlene får større plass enn et intrikat plot og velutviklede karakterer. Dette er en fallgruve som det er avgjørende for meg å ikke havne i med CAVE. For å unngå dette handler det først og fremst om å skape flerfaseterte karakterer med tydelig motivasjon, satt i et spennende handlingsrom som grunnlag for et uforutsigbart plot. De tre hovedrollekarakterene i CAVE vil derfor ha egenskaper som fremhever deres individualitet.

Vennene Charlotte (kalt Charlie), Adrian og Viktor er i slutten av 20-årene, og ble kjent mens de tjenestegjorde som soldater i Telemark Bataljon i Faryab-provinsen i perioden 2010-2012. Adrian og Charlotte har nylig blitt kjærestes, mens Viktor fortsatt arbeider i forsvaret. De er alle tre svært interessert i ekstremsport og fysiske utfordringer, og har lenge planlagt nedstigningen i et uutforsket grottesystem langt inne i Jotunheimen. Et par år tidligere druknet to finske dykkere idet de utforsket en nyoppdaget del av grotten. Den ene omkomne ble aldri funnet, og i ettertid ble grotten stengt for all ferdsel. De tre vennene trosser forbudet, og uten hverken backup eller dekning starter nedstigningen, som innebefatter elverafting, rappelling, grotteklatring og underjordisk dykking.

De har beregnet at utforskningen av grottesystemet vil ta to døgn, og målet er å finne en utgang på motsatt side av fjellet, i den hittil utforskede delen av grotten, og dermed bli de første som noengang klarer å gjennomføre nedstigningen i live. Det skal derimot vise seg at deres verste mareritt venter dem nede i det trange, våte, mørke dypet. Etter hvert som samholdet mellom dem slår sprekker, viser det seg at nedstigningen blir brukt som et skalkeskjul for det perfekte mord, nøye planlagt av en av de tre vennene.

Satt i et fullstendig hermetisk miljø, uten kontakt med omverdenen, utvikler den paranoide frykten for det ukjente seg til å bli frykten for personen man opprinnelig stoltet mest på. CAVE er en intens og klaustrofobisk thriller, som med utgangspunkt i krevende ekstremsport og spektakulære locations utforsker menneskelig psykologi, hvor overlevelsesinstiktet trigges av utspekulert ondskap.



Prosjektbeskrivelse

Opp takene til CAVE skal gjennomføres bokvis på location i Jotunheimen, Gudbrandsdalen og Romsdalen høsten 2015 og vinteren 2016. Filmen vil inneholde flere av de mest spektakulære opptaksstedene som noen gang er benyttet i en norsk film, og produksjonen vil gjennomføres i tett samarbeid med lokale ekstremsport- og reiselivsaktører. Ut over filmens profil som en undeholdende sjangerfilm med høyt internasjonalt markedspotensial, vil CAVE vise norsk natur fra sitt desidert vakreste, råeste og mest spektakulære. Det skal blant annet filmes en actionfylt bilsekvens ned Trollstigen, elvepadling i Istra og rappelling ned en foss i Gudbrandsdalen.

Ved å kombinere håndholdt filmopptak fra skuldrerigg, bilrigg, helikopter/drone og undervannshus vil filmens formspråk være intenst, nærgående og frenetisk, stadig i bevegelse og alltid dynamisk. Opp takene over jorden vil gjøres analogt på S16mm, for å skape et innbydende organisk uttrykk, mens grotte- og undervannsopptakene vil gjøres digitalt, både av praktiske hensyn til lysforhold og for å skape et mer klinisk rent og sterilt uttrykk. Klippegypten vil understreke det energiske uttrykket med raske kutt og høyt tempo. Lyddesign og musikk vil samtidig videreføre intensiteten og drivkraften i både handling og formspråk, og hente inspirasjon fra amerikansk sjanger-film. Særlig i det trange, klaustrofobiske mørket under jorden, vil lyddesignet skape mye av spenningen ved å fremheve paranoiaen.

Hovedopptaket over jordoverflaten vil gjennomføres i oktober 2015 nordvest i Jotunheimen samt Gudbrandsdalen og Romsdalen, mens grotteopptakene vil gjennomføres på location i Jotunheimen og Nordland i tillegg til undervannsscener i januar 2016.

Filmskaper Henrik Martin Dahlsbakken vil nok en gang samle sitt faste og svært dedikerte filmcrew, som han har arbeidet tett med på sine foregående kort- og spillefilmer. Grunnet et avgrenset handlingsrom, består CAVE av kun fire karakterer; vennene og ex-soldatene Charlotte (spilt av Heidi Toini), Adrian (spilt av Mads Sjøgård Pettersen), Viktor (spilt av Benjamin Helstad) samt faren hans Erling (spilt av Ingvar Helge Gimle). Disse personene utgjør et svært kompetent stjernelag bestående av noen av Norges fremste skuespillere.

Målsettingen er å lage en spennende thriller, bygget på velutviklede karakterer med tydelig definert motivasjon og et plausibelt plot i bunn. Intrigen og hendelsene i filmen skal være logisk begrunnet og bære preg av virkelighetsnærhet, for igjen å skape grobunn for størst mulig innlevelse fra publikum. CAVE skal med stor grad av uforutsigbarhet leke med veletablerte sjangerforentninger, hvor thrillerelementene er basert på konstant frykt og drivende spenning, snarere enn simple skrekkeffekter. Planlagt norsk kinopremiere er ultimo oktober 2016 og forventet aldersgrense er 15 år. Filmens epilog/avslutning legger opp til en oppfølger med premiere i 2019.



Heidi Toini i rollen som *Charlotte/Charlie*

Heidi Toini (f. 1987) er en av Norges mest fremadstormende unge skuespillere. Hun er utdannet innen skuespill for film og TV ved NISS i Oslo, i tillegg til et 2-årig fulltidsprogram i Meisnerteknikk ved William Esper Studio i New York City. Hun spillefilmdebuterte i komedien *Staying Alive* (regi: Charlotte Blom) på norske kinoer i 2015, og er igjen kinoaktuell som *Isabel* i thrilleren *Late Summer* (regi: Henrik Martin Dahlsbakken) vinteren 2016.

Utover sin spillefilmerfaring, har Heidi Toini spilt i kortfilmer, reklamefilmer og TV-serier. Hun har også bred erfaring fra scenen, i roller som *Desdemona* i *Othello*, *Harper* i *Angels in America* og hovedrollen som *Hedda* i Ibsens *Hedda Gabler*.

Heidi Toini vant prisen for beste kvinnelige hovedrolle ved Los Angelses Movie Awards i 2009, for sin rolletolkning som *Ruth Maier* i Henrik Martin Dahlsbakkens novellefilmdebut *Tiden imellom* (2009). CAVE markerer deres tredje samarbeid så langt.

Mads Sjøgård Pettersen i rollen som *Adrian*

Mads Sjøgård Pettersen (f. 1984) er en av Norges mest populære unge skuespillere, og har spilt en rekke roller for film og TV. Han er opprinnelig fra Straumen i Nordland og er utdannet ved Akademi for Scenekunst.

Mads har spilt flere roller ved Nationaltheatret i Oslo, blant annet *Nazisten* i *Ulrike Maria Stuart* og *Spania* i *Bestialitetens historie*, i tillegg til roller ved Rogaland Teater, Riksteateret og Nordland Teater. Sjøgård Pettersen har også jobbet mye som regissør og dramaturg, både innenfor teater, dans og opera.

Han fikk Amandaprisen for beste mannlige birolle i spillefilmen *Nord* (regi: Rune Denstad Langlo) i 2009, og har i tillegg spilt i *Fritt Vilt II*, *Upperdog*, *Viktoria* og *Uskyld*, samt TV-serier som *Hjem*, *Dag*, *Lillyhammer* og *Kampen om tungtvannet*. Han er snart aktuell i rollen som *Even* i skrekkfilmen *Villmark II*.

CAVE blir Mads sitt første samarbeid med Henrik Dahlsbakken.





Benjamin Helstad i rollen som *Viktor*

Benjamin Helstad (f. 1987) er utdannet skuespiller fra Statens teaterhøgskole, og filmdebuterte som 8-åring med spillefilmen *Jakten på nyresteinen* i 1996. Han er utvilsomt en av Norges mest talentfulle unge skuespillere, og hadde hovedrollen i *Kongen av Bastøy* (regi: Marius Holst) i 2010. Rolleprestasjonen som *Erling* ga han en Amandanominasjon for beste mannlige hovedrolle.

Benjamin Helstad har i tillegg spilt i filmer som *Engelen* (2009) og *Permafrost* (2014), samt seriesuksessen *Kampen om tungtvannet*. Han har innehatt flere roller ved Nationaltheateret og Oslo Nye, i tillegg til musikalene *Billy Elliot* og *De tre musketerer*. Helstad er også vokalist og frontfigur i bandet *Yoga Fire*.

Han har tidligere samarbeidet med filmskaper Henrik Martin Dahlsbakken på kortfilmen *Mitt lys i mørket* i 2012.


Side 12

Ingar Helge Gimle i rollen som *Erling*

Skuespiller Ingar Helge Gimle (f. 1956) er en av Norges mest allsidige og folkekjære skuespillere. Han behersker tunge drama like godt som lette komedier, og har vunnet en rekke priser for sitt arbeid både på film og teater, deriblant to Amandapriser og Heddaprisen for hovedrollen i *En lang dags ferd mot natt*.

Ingar Helge Gimle ble uteksaminert fra Statens Teaterhøgskole i 1982, og har i ettertid spilt en rekke roller på Nationaltheateret, Oslo Nye Teater og Trøndelag Teater. Folk flest kjenner han best fra film og TV, deriblant filmene *Ti kniver i hjertet* (1994), *Absolutt blåmandag* (1999), *Uro* (2006) og *En helg vanlig dag på jobben* (2010), samt TV-seriene *Etaten*, *Frikjent* og snart *Mammon 2*.

CAVE markerer tredje gangen Ingar Helge Gimle samarbeider med filmskaper Henrik Martin Dahlsbakken, etter at han spilte birollen som hjemvendt soldat i Dahlsbakkens spillefilmdebut *Å vende tilbake* (2015), samt i kortfilmen *Takk for turen* (2015).



Prosjektinfo

Tittel: CAVE (arbeidstittel)

Sjanger: thriller/ekstremsport

Estimert lengde: 80 minutter (spillefilm)

Opptaksformat: S16mm 50D/160T & ARRI Alexa


Opptaksperiode: oktober 2015 + januar 2016

Opptakssteder: Jotunheimen, Gudbrandsalen & Romsdalen

Visningsformat: 2K DCP (1:1.85) i Dolby Atmos

Forventet kinopremiere: ultimo oktober 2016

Produsert av **FilmBros AS**



Filmskaper Henrik Martin Dahlsbakken

Thrilleren CAVE blir filmskaper Henrik Martin Dahlsbakkens tredje spillefilm som regissør, manusforfatter og produsent. Han kinodebuterte vinteren 2015 med den personlige oppvekstfilmen *Å vende tilbake*, og er snart aktuell igjen med den engelskspråklige psykologiske thrilleren *Late Summer* vinteren 2016.

Dahlsbakken (f. 1989) har laget film siden han var 8 år gammel, og slo gjennom med novellefilmen *Tiden imellom* i 2009, som ble vist på TV, kino og en rekke filmfestivaler. *Mannen fra isødet* (2012) er en av de desidert største norske festivalsuksessene noensinne, og ble blant annet kvalifisert til Oscar for beste kortfilm. Han er snart aktuell med novellefilmen *Takk for turen* med Stein Winge og Jan Malmsjö i hovedrollene.

Som en av svært få filmskapere i samtiden, er Dahlsbakken selv lært og dyrker det analoge filmformatet i skaperprosessen. Han har studert filmvitenskap og er skolert kinomaskinist. Han markerer seg som en av Norges mest produktive og eklektiske filmskapere, og arbeider som regel med originalske grevede sjangerhybrider i brytningspunktet mellom den klassiske kvalitetsfilmen og historier med kommersiell appell.





FilmBros AS
Holsvegen 36
2315 Hamar, Norway
www.filmbros.no
post@filmbros.no

